



Til LO, NHO, Bergen Næringsråd, Vest næringsråd, Nordhordland Handverks- og Industrilag, opplæringskontor, bedrifter i Hordaland, Bergen kommune, NAV, Fylkesmannen i Hordaland, Helse og opplæringsutvalet, Yrkesopplæringsnemda i Hordaland, dei vidaregåande skulane i Hordaland, Regionale næringsråd

Dato: 04.09.2015  
Vår ref.: 2015/3444-5  
Saksbehandlar: marhaa5  
Dykkar ref.:

## **Invitasjon til konferanse om samarbeid skule-arbeidsliv 12. november 2015 - "Rett kompetanse 2015"**

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune inviterer for 6. år på rad til konferansen «Rett kompetanse 2015». Som før vert konferansen arrangert i samarbeid med partane i arbeidslivet. I tråd med signal frå sentrale styresmakter er føremålet med konferansen å stimulere til vidare samarbeid mellom vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Vi har hatt god oppslutting om konferansen desse åra, med rundt 200 deltakarar frå utdanning og arbeidsliv.

Målet for samarbeidet er å styrkje opplæringa i vidaregåande opplæring og å gi bedrifter og arbeidslivet elles høve til å påverke innhaldet i faga i tråd med sentrale føringar. Forskinga viser at vi framleis har utfordringar når det gjeld rekruttering til ulike fag, å rekruttere læreplassar, til innhaldet i opplæringa og å auke gjennomføringa i opplæringa.

Konferansen i 2015 vil ha fokus på Samfunnskontrakten, på kompetansebehovet i arbeidslivet og overgangar mellom skule og arbeidsliv. Vi har innleiarar frå NHO og LO, av bedriftsleiar, frå NIFU, frå Innovasjon Norge i Hordaland og andre sentrale aktørar frå skule og bedriftsliv. Sjå elles vedlagte program.

Målgruppa for konferansen er leiarar i skule og bedrifter, politikarar samt rådgivarar og andre med ansvar for rekruttering og opplæring i skule og arbeidslivet elles.

Vi ønskjer velkommen til konferansen

**12. november 2015 på Hotel Scandic Ørnen kl. 9.00 – 15.30.**

Spørsmål kan rettast til Kjell Helge Kleppestø, epost: [kjell.helge.kleppesto@hfk.no](mailto:kjell.helge.kleppesto@hfk.no) eller Marianne Haaland, epost: [marianne.haaland@hfk.no](mailto:marianne.haaland@hfk.no).

Bindande påmelding innan 1. november 2015 på <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Rett-kompetanse-2015/>

Konferansen er gratis, men deltakarar som melder seg på og ikkje møter, blir fakturert med kr. 500.

Vedlagt følger program.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
Leiar seksjon skule

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*